



Hjelmås Vvs As  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5504 - 22/57431

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
22.07.2022

## Løyve til oppføring av minirenseanlegg - gbnr 56/28 Hundvin

**Administrativt vedtak:** Saknr: 786/22  
**Byggestad:** Gbnr: 56/28  
**Tiltakshavar:** Morgan Kristen Birtilid Waage  
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås Vvs As  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eit trinn for etablering av minirenseanlegg med tilhøyrande leidningsnett på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.04.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om nedsetting av minirenseanlegg med tilhøyrande leidningsnett. Minirenseanlegget er av typen BioDisc BA med etterpolering.

Det er i sak 22/5528 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova for utslepp av sanitært avløpsvatn frå minirenseanlegg. Det vert elles vist til søknad motteken 07.07.2022.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 15.07.2022 då utsleppsløyve vart gjeve og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Dispensasjon**

Minireinseanlegget erstattar dagens septiktank. Det skal nyttast eksisterande rør som går under kommunal veg mellom einebustad og minireinseanlegg. Det er vår vurdering at tiltaket kan utførast utan dispensasjon frå LNF-føremålet og byggegrense mot kommunal veg.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 27.04.2022.

### **Privatretslege tilhøve**

Avløpsanlegget er plassert på gbnr 56/7. Utsleppsleidningen er lagt på gbnr 56/7 fram til etterpolering med utslepp via lukka jordbruksgrøft.

Det ligg føre skriftleg erklæring datert 28.04.2022 frå eigar av gbnr 56/7 om rett til etablering av minireinseanlegg og foreta ettersyn og vedlikehald av anlegget.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avlaupsleidning bør tinglysast på eigedomane.

### **Terrenghandsaming**

Der er ikkje søkt om terrengendringar. Det vert lagt til grunn at etablering av reinseanlegg vert utført utan vesentlege terrenginngrep.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

### **VURDERING:**

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvaliteter**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Aktuelt regelverk**

1. Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
2. Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
3. Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
4. Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslas i samsvar med pbl § 21-3.
5. Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
6. Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
7. Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
8. Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
9. Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
10. Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
11. Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
12. Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
13. Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
14. Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
15. Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saksnr.: 22/5504.**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 5913  
2

EIKANGERVÅG

Morgan Kristen Birtilid Waage

Hundvinsvegen 5956  
57

HUNDEVIN